


NORANE UNGDOMSLAG

Skipa i 1938



AVTALE OM LEIGE AV NORTUN

Leidgetakar og kontaktperson:

Adresse:

Epost:

Telefon:

Frå dato og tidspunkt:

Til dato og tidspunkt:

Samla leigetid (dagar og timer):

Type arrangement:

Medlem (Ja / Nei):

Leige av (set kryss):

Heile huset Festsal Matsal

Leigekostnad lokale:

Eventuell medlemsrabatt er trekt i frå.

Straumforbruk vert avlese i etterkant av arrangement. Eventuell ekstrakostnad kjem i tillegg.


Pris pr. kilowatt:

Kilowatt inkludert:

Ekstra:


- Vask festsal, gang og toalett kr. 1 500,00
- Vask matsal, gang og toalett kr. 1 200,00
- Vask heile huset, inkl. fellesområde kr. 2 700,00
- Bosshåndtering kr. 600,00
- Musikkantlegg kr. 500,00
- Kvite dukar. Antall: ____ à kr. ____ /stykke kr. _____
- Anna: _____ kr. _____

Total leigesum:



UTLEIGEVILKÅR

1. Ansvarleg leidgetakar må ha fylt 18 år. Leidgetakaren eller ein utpekt erstattar, må vere tilstades under heile arrangementet.
2. Ved utleige til kveldsarrangement og lukka lag, der lokala ikkje vert levert tilbake før neste dag, er det krav om at leidgetakar skal ha 1 vakt per 15 deltagarar, når leidgetakar med gjester i all hovudsak er mellom 18 og 25 år. Vaktene må være over 26 år og kan ikkje nyta alkohol under arrangementet. Liste med namn på vakter skal leverast utleigar i god tid før arrangement og skal elles kunne visast fram om naudsynt.
3. Dersom det er eit ope arrangement, der leidgetakar sel billettar, er leidgetakar sjølv ansvarleg for å innhenta naudsynt skjenkeløyve og elles følgje dei krav kommunen stiller. Leidgetakar plikter å melde frå til utleigar på førehand om det skal være eit ope arrangement.
4. Om ikkje anna er avtala, tek leidgetakar sjølv hand om bosset og fjernar det etter arrangement, både innom- og utomhus. Avfall som utleigar eventuelt skal handtere, må uansett vere sortert kvar for seg ut frå restavfall / papir / glas / bioavfall. Emballasje med pant må sorterast for seg sjølv.
5. Leidgetakar er erstatningspliktig for skade på hus og innbu og tek fullt ansvar for at Nortun vert levert tilbake til huseigar i same tilstand som når leigeforholdet starta. Om så ikkje er tilfelle kan utleigar krevja leidgetakar for økonomisk kompensasjon for å dekka kostnader knytt til reperasjon(erstatte) utstyr. Styret avgjer i så fall erstatningssummen.
6. Lokala skal reingjerast av leidgetakar, med mindre anna er avtala. Ved mangelfullt reinhald, inne så vel som ute, er leidgetakar innforstått med at utleigar kan krevje dekka ekstra kostnader som må til for å føre lokala tilbake til slik dei var før utleige. Sjekkliste, ref. vedlegg A, vert nytta ved gjennomgang etter arrangement.
7. Leidgetakar kan fritt nytte kjøkenet og utstyr som er der, men må sikre at alt vert vaska opp og rydda på plass. Kjøkenet skal og leverast tilbake i den stand det var før leigeavtalen starta. Om noko vert øydelagt kan ein bli erstatningspliktig.
8. Ved leige av Nortun, der lokala ikkje vert levert attende til huseigar same dag, gjeld leigeavtalen til kl. 15:00 påfølgjande dag eller til den dag leigeavtalen stoppar. Eventuelt andre tider for overlevering må avtalast nærmare mellom leidgetakar og utleigar. Ein representant frå utleigar vil møte for kontroll og godkjenning ein halvtime før overlevering og retur av nøkkel.
9. Leidgetakar vil måtte betale for straumforbruk ut over det som er rekna som normalforbruk for den aktuelle månaden. Det vil vanlegvis ikkje verte ekstra straumkostnader, med mindre ein ikkje



set varmepumper på fullt eller startar sentral varme anlegget. Desse varmekjeldene kan trekke mykje straum.

10. Medlemsskap i NUL over tid gjev fordelar. Det vert gjeve 50% rabatt til medlem som har 3 eller fleire år samanhengande medlemskap i NUL. Bedrifter, lag og organisasjonar får ikkje rabatt.
11. Oppgjer for leige skal overførast bankkontonummer 3781.14.14337 før leigeavtale startar om ikkje anna er avtala. Merk betaling med arrangement dato og namn på leigetakar.
12. Utleigar har flagg og flaggstang, men leigetakar må sjølv ordna flaggheising og sjå til at det vert teke ned att, ihht flaggreglane. Flagget må hengjast til tørk om det er vått, før det pakkast saman.
13. Leigetakar er ansvarleg for at eigendelar som gjester har gløymt att, i samråd med utleigar vert samla og fjerna frå lokala og plassert på ein trygg stad midlertidig.
14. Kansellering av leigeavtale kostnadsfritt inntil 10 dagar før avtalestart. Deretter må 50% av avtalt leigesum svarast for, med mindre det ikkje ligg føre formildande tilhøve.

15. Andre vilkår avtalt:

Avtale og vilkår er lest og vert med signatur akseptert av leigetakar.

Slinde, den


for leigetakar

for Norane Ungdomslag

Kontakttelefon:

Kontakttelefon:

Nøkkel utlevert?	JA	NEI
Nøkkel levert tilbake?	JA	NEI



Merknader ved overlevering etter arrangement? Feil/manglar? Skader?

Leigetakar samtykker i at merknader er korrekte.

Dato:

for leigetakar

VEDLEGG A: SJEKKLISTE

LEIGETAKAR OG HUSNEMNDA SI SJEKKLISTE VED OVERLEVERING ETTER ARRANGEMENT.

KJØKEN, "VASKEROM" OG GANG (kjøkeninngang)

- Dekkjetøy, lysestakar, askebeger, vasar, serveringsbrikker m.m. er gjort reine og sett på plass.
- Benkeplater og anretningsbord er gjort reine.
- Panner er gjort reine og sett på plass.
- Komfyr, varmeplater og takke er gjort reint.
- Kaffitrankar, mikrobølgjeomn og oppskjeringsmaskin er gjort reint og straumen er slått av.
- Oppvaskmaskina er tom for vatn og straumen er slått av.
- Kjølerom, frysar og kjøleskåp er gjort reint og slått av.
- Klutar og handdukar er å finne på kjøkenet. Brukte moppar/klutar må leggjast i vaskemaskin som setjast på før ein låser og går.
- Brukte leigedukar leggjast i eigen sekk og setjast i gangen ved kjøkenet.

FESTSALEN/SCENE/MATSALEN.


- Baren er rydda og vaska.
- Sofagruppene er gjort reine og sett på plass.
- Tilgrisa bord og stolar er gjort reine og ikkje slått/satt saman.
- Etter kontroll av husnemnda, stablar ein max 10 stolar oppå kvarandre og set stablane innåt veggen. Borda skal og setjast oppå kvarandre langs veggen.
- Scenen er rydda for musikkinstrument og anna medbrakt utstyr og/eller dekkjetøy.
- Musikkantlegg kontrolleres og testes. Mangler det kabler/utstyr? Høytalere ok?

UTEOMRÅDET

- Uteområdet (inkl. parkeringsplassen) er fritt for glasskår, flasker, sigaretsneipar og anna boss.
- Utemøblar er gjort reine og satt på plass.

NORANE UNGDOMSLAG

Skipa 1938



- Stolar, bord og dekkjetøy som er nytta ute er teke inn att, er gjort reine og sett på plass.

GENERELT

- Papir og anna boss er plukka opp frå golvet og kasta i bosset.
- Knust glas og sigarettsneipar er samla i eigne bøtter.
- At eventuell oppkast og anna tilgrising ute og inne er fjerna.
- Alt boss er samla i sekker, knytt igjen og står ute ved kjøkeninngangen, eller teke med.
- Gløymde gjenstandar som fotoapparat, videokamera, klede, dekkjetøy og liknande er tek med.
- Gjestene har fått beskjed om at bilane bør hentast laurdagar og sundagar dag før kl. 1500 av omsyn til andre arrangement i Nortun.

Sign. utleigar / Norane Ungdomslag

Sign. leigetakar